



Notat

Dato: 31.05.2017
Arkivsak: 2014/14893-7
Saksbehandlar: birhau

Til: Fylkesordføraren

Frå: Fylkesrådmannen

Det juridiske rammeverket for avvikling av eksamen ved offentlege vidaregåande skular

Fylkesrådmannen viser til møteprotokoll frå fylkesutvalet 3. og 4. mai 2017 der Tom Sverre Tomren (MDG) stilte slikt spørsmål:

«Ber om en kort utredning av det juridiske rammeverket for avvikling av eksamen ved en offentlig eid og drevet vgs.»

Eksamens i vidaregående skule er regulert av opplæringslova (oppl.lova) og forskrift til oppl.lova. Avvikling av eksamen er spesielt omtala i forskriftens kapitel 3.

I forskriftena vert det skilt mellom sentralt gitt eksamen og lokalt gitt eksamen. Ved sentralt gitt eksamen jf §3-28 i forskrift til opplæringslova er det Utdanningsdirektoratet som fastset korleis eksamen i faget skal organiserast, korleis eksamensoppgåva skal vere, dato for eksamen og sensurordning. Fylkeskommunen har ansvar for trekk av fag og elevar og den praktiske gjennomføringa av eksamen.

Ved lokalt gitt eksamen jf. § 3-30 i forskrift til opplæringslova har fylkeskommunen heile ansvaret for gjennomføringa av eksamen. Det er utarbeidd retningslinjer for lokalt gitt eksamen ved vidaregåande skular i Hordaland. Desse vert oppdaterte årleg. Retningslinjene er publisert på nettsida til Hordaland fylkeskommune.

Lenke til retningslinjer ved lokalt gitt eksamen: http://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/utdanning2/privatist/instruksar/retningslinjer_lokalt-gitt-eksamen_2016.pdf